

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Foldereid

Emne: Død og gravøl.

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjølstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Oppskrifta er etter Svein Leirvik, f. 1835, Sivert Mikkelsen, f. 1840, Kirsten Kalvmoen, f. 1848, Ole Berg, f. 1857 og Kristoffer Skaftnes, f. 1869 og etter eiga røynsle.

1. Dødsvarsler kunne syne seg når som helst og på mange måtar. Dette kalla dei "fægda varsel" (av å vera "feig"). Dei kalla det at ein mann eller ei kvinne var "feig" dersom det var avgjort at vedkomande snart skulle døy.

- Når ~~sik~~ nokon kom til å vega jamt med ein gong, skulle ein ikkje koma til å vega meir åt det menneskjet.

- Når ei kvinne vov åt nokon, og det vart passelig med innslett i veven, kom ho ikkje til å veva meir åt det menneskjet. Ei av dei var feig.

- Når det ringde for øyro, varsla det "dauinga". Da var nokon ein kjende feig.

- Når eit barn stod på "firaføten" (stod og stødde seg mot golvet med bae hendene), og såg seg gjennom skrevet, skulle ein få "spør dauinga".

- Når to halmstrå eller fliser la seg i kross på golvet, fekk ein "spør dauinga". Dette kalla dei "daumannskors".

Når største (lengste) flisa (halmstrået) låg øvst, var det ein mann som var "feig".

- Gol hanen midt på natta der det låg eit sjukt menneskje i huset, varsla det at den sjuke kom til å døy snart.

- Draugen på skjæret eller sjøen varsla feigt folk.

- Når to tok i dørklinka samtidig, var ein av dei feig.

- Når nokon "strøydd seg" (fekk mat i vrangstrupen) skulle ein få "spør dauinga".

- Når det "smolla" i veggen (knast i veggen), skulle ein få "spør dauinga".

- Når fuglen kom på glasruta, spådde han feigt folk.

- Når katten låg langsetter ei fjøl i golvet, vart det ikkje lenge før ein fekk "spør dauinga".

- Når musa åt sund klede, så var det eit klent merke. Da vart det anten nokon sjuk, eller kom til å døy.

- Når "revtikja" skrik, er det feigt folk.

- "Synest du høyr kjerkklokka, ska du snart få spør dauinga. De ha eg hård så mang en gång. Eg ha hård ho så vel, å de ha sli te," sa'n Ole Berg.

- "Døyr de en hest, e de fægt folk. De vil gjærn' følli et menneskj' ætt et krøtter," sa'n Kristoffer Skaftnes.

- Born eller vaksne, som søv med halvopen munn, kjem til å døy i vatn.

- Et barn, som er meir enn vanleg tungt, kjem ikkje til å bli langliva.

- Er ein plaga med å få eit dyr til å døy i slaktinga, er det "fægt folk" i garden.

- Dett det ned mat når ein et, skal ein snart få "spør dauinga".

- Når det blir heilt stilt både i lufta og på sjøen, er det nokon som døyr.

- Dett det ned bordverky, og det kjem inn ein med det same, da er den som kjem inn feig.

- "Dåm pynta så på borde, - da sa eg: No drekk eg kaffe sist gongjen hos deg." (Kirsten Kalvmoen).

- Når to kjenningar møtest, og dei ikkje kjenner kvarandre, hender det at ein seier: "Eg mein du e feig.' Enn eg som ikkj' kjent deg."

- Når kråka eller ramnen sett seg til å skrike på stovetaket, er der "fægt folk" i huset.

2/3. Ein kunne også få dødsvarsler ved visse høve:

- Julenatta millom kl. 12 og 1 skulle ein setje seg på ein stol åleine i stua. Da kunne ein kjenne at huset rørde seg. Gjekk ein så, og ikkje såg nokon annan istaden sin på same stolen, skulle han som gjorde dette vera feig.

- Dersom ein gjekk utom glaset julekvelden medan folket på garden sat ved bordet, var den feig som såg ut "hau-laus (utan hovud).

- På den sida talgen rann ut or ljuset julenatta, på den sida sat der ein som var feig.

- Ei skulle legge merke til juleljosat om juleftaskvel-den, når ein sette seg at bordet. Rann dei imot deg, var du sjølv eller nokon i di slekt feig.

- Den staden som røyken frå likhalmen snur imot, skal det først gå eit lik ifrå.

2 - Straks liket var utbore, skulle kokka eller matmora bera ut likhalmen og brenne han. Gjekk da røyken etter likfølgjet, skal snart einkvan annan i huset fara same vegen.

- Døyr det i same huset to menneskje fort etter kvarandre, skal snart også ein tredje koma etter.

4. Det fantest dei, som hadde serlege evner til å spå dødsfall. Some seier at dei såg ljøs over den som skulle

døy eller huset denne budde i. Andre seier at desse "synske" såg - eller møtte - vedkomande utan hovud ei tid før denne døyde. Elles var det få som ville fortelje kva dei såg. Dei sa berre når dei hadde spådd dødsfallet: "Eg veit no mitt". Eller: "Eg vil spara meg sjølv for å seie noko meir".

5. Folk som var lusut til vanleg, vart "lusrein" ei tid før dei skulle døy. Denne lusa kalla dei her for "fægda-lus". Når desse personar vart "lusreine" utan hjelp, sa dei: "No har'n (eller ho) ikkj' lang att". Men noko sers lus-slag var ikkje dette etter det mine heimelsmenn meiner.

6. Siste døgnet eller så før folk døyde, skulle det vera vanleg at dei vart meir hungrige enn dei hadde vore under sjukdomen. Dei kvikna til og bad om mat. Den maten som dei da åt, kalla dei "fægdamat", "han et i fægda," sa dei.

7/9 Ukjent her.

10. Når eit menneskje låg for dauen, var det vanleg å sende bod etter presten. Dette, at presten da kom, kalla dei "sognebu".

11. Korleis dette sognebudet arta seg, kom mykje an på presten. Det vanlege var at presten freista få til eit slag skriftemål, der den dødssjuke skulle legge av seg syndeskulda si. Ved some prestar arta dette skriftemålet seg som ei refsing over den sjuke, andre hadde ein mildadare tone. Some prestar snakka mest om helvetes-pina, andre tala meir om nåden. Det hende jamvel at den dødssjuke bad presten om å fara sin veg. Men hovudformålet var at den sjuke skulle få nattverden. Under denne var det vanleg at alle vaksne av huslyden var i romet hos den sjuke ilag med presten, og var med i salmesongen, dei

som kunne det. Var den døyande for veik til noko skriftemål, fekk han i alle høve nattverda. Kunne av ein eller annan grunn presten ikkje koma, hende det at dei fekk tak i altarvin. Og dei tykte den sjuke vart rolegare av å få av vinen, og at han fekk meir fred over seg.

12. Når eit menneskje var dødssjukt, var det også vanleg å sende bod på næraste slekta, og på serlege vener som den døyande hadde, dersom desse ikkje kom sjølvminnte. Var det nokon som den døyande hadde vore uven med, og uvenskapen ikkje var oppgjort, hende det og at desse vart varsla, i von om at dei ville koma til forsoning medan dei bae var i-live.

13. Det var ikkje uvanleg at den døyande sa ifrå korleis han gravferda skulle tilskipast, - kven som skulle bedast å gravølet utanom den vanlege bedarkrinsen, og korleis det skulle skipast til med mat og drikke. Slikt har hendt heilt til for 30-40 år sidan. Under rusdrykkforbodet var det ein dødssjuk mann som m.a. sa ifrå om at han ville at dei skulle ha "skjenk" i gravølet hans, og gav råd om korleis dei skulle få tak i det, trass i forbodet. - Det var heller ikkje uvanleg at den dødssjuke sa ifrå om visse ting som namngjevne personar - born eller andre nære slektningar eller vener - skulle ha etter han (eller henne).

Tida millom dødsfall og gravøl.

14. Folk nytta ymse uttrykk for "å døy". Han (eller ho) "fekk fløtt", - "det vart slutt" - han (eller ho) "somna" da eller da, - han (eller ho) "slapp uttu" eller "fekk slepp uttu". For ungdom: Han (eller ho) "fløtta ifrå oss".

15. Det var vanleg når eit menneskje var død, at dei ville visse seg om det. Da kunne dei halde ein spegjel for na-

se og munn på den døde. Kom det ikkje dogg på spegjelen, var dei visse på, at det var normalt - at det ikkje var "skinndød". Eller dei prøvde med å kile den døde med ei fjør under føtene, eller strauk med fjøre over synet. Eller dei heldt eit brennande jflos under haka.

16. Det hende at folk var berre skinndøde. Ei kone - Kathrina Svarte - "døyde" på barselseng. Men ho var nok berre skinndød, meinte dei sidan. I kista hadde ho fødd tvillingar. Men da dette vart oppdaga, var det for seint, - da var ho død.

17. Når dei hadde late att augo på den døde, kunne dei legge eit tungt myntstykke - ei koparmynt - på augelåka, ei på kvart augelåk, for å halde augo attletne til liket var stivna.

18. Under haka la dei ei salmebok, eller batt opp underkjeven med eit band over hovudet, for at munnen skulle haldast att til liket hadde stivna.

19/20. Dersom det ikkje var fleire tilstades når den døde anda ut, kunne dei straks sende bod på nokon i næraste grannelaget eller andre uvedkomande til vitne på dødsfallet. Men var der fleire ved dødssenga, vart visst aldri dette gjort.

21. Ukjent her.

22. I dødsromet var det vanleg å ta ifrå eit glas (seinare å opne slagvindu), og henge kvite laken for glasa. Some stana også klokka, dersom ho ikkje stana sjølv. - men det skal ha hendt fleire gonger med det sama nokon døyde i romet der klokka var.

23. Etter 24 timar vart liket flytta or dødsromet.

24. Liket vart da vaska og lagt på "likbordet". Dette var ein treplatt som vart brukt berre til slikt, og som

fantest på dei fleste gardane. Liket vart bore til eit uthus der det var liten trafikk. Der vart det lagt på to tynnor for å hindre at mus kom til det.

25/26. Det nokon no veit, vart det ikkje lagt anna enn eit kvitt klede (laken) under liket. Men det heiter her å "ligg på likstrå" (eit gammalt uttrykk), så det er truleg at det i eldre tid var skikk å legge lika på eit underlag av halm. Det er mest truleg, at det er halmen på likbordet som er opphavet til dette uttrykket, ikkje halmen som den døde hadde i senga.

27. Han vart nemleg brennt straks liket var bore ut or dødsromet. Trua om røyken frå likhalmen som dødsvarsel tyder også på at det er meint på halmen frå likbordet, og at denne halmen ikkje vart brenn før likferdsgjestane var komne, altså gravølsdagen. Der var "kokke" og "matmor", og slike nemningar har vi ikkje hatt utanom ved gjestebod. I så fall er skikken avlagt så lenge sidan, at ingen av mine heimelsmenn har visst noko om han.

28. Ting som hadde høyrd den døde til, som arbeidsklede e.l., vart ikkje brennt da.

29. Om likstrået veit elles ingen noko no, - heller ikkje når det vart brennt, - utanom det ein kan slutte av trua om røyken frå likhalmen (27).

30. Liket vart vaska før det vart bore ut av dødsromet. Men da dei fleste ikkje hadde kiste ferdig straks, vart ikkje liket kledd straks. Det vart først når dei hadde fått gjort kista, gjerne nokså nær innpå gravølet. Sidan det vart kistor å få kjøpt, blir liket kledd i kista så snart denne kjem.

31. Til å stelle lik var det gjerne ei fast kvinne i kvar grenn. Men nære slektningar til den døde gjorde ikkje

det, sjølv om dei elles brukte å gjera slikt arbeid.

32. Det vart alltid brukt serskilde likklede, som var laga til dette - "sveip".

33/35. Hår og skjegg på den døde vart stelt som til høgtid. Menn, som brukte å barbere seg, vart barbert, og neglane vart klypt.

36. Om vasking : Sjå 30.

37. Ukjent her.

Likklede.

38. Dei sa "å kle i kista", når dei kledde lik.

39. Likkledan^e kalla dei "sveip" (eintal "sveipen").

40. "Liklaken" var det som vart brukt på likbordet den tida like låg på likstrå, men ikkje noko av dei klea som vart brukt i kista.

41. Ukjent her.

42. Kvinnor vart kledd i ny serk frå levedagane. Han vart da kalla "likserkjen". Denne kunne den døde sjølv ha fått sauma til det bruk lenge før ho døde. Unge gifte kvinner kunne bli kledd i brudelinet. Det har også hendt, at ei ung, gift kvinne, som døde på barselseng med første barnet, vart lagt i kista i brudekjolen. Kvinnor kunne også bli kledd i hosor. Men elles var det ikkje vanleg at under- eller overklede vart brukt som likklede.

43. Menn kunne bli kledd i skjorte - "likskjorta", og til unge, gifte menn kunne brudgomsskjorta bli brukt. Det hende også at menn hadde fått sauma "likskjorta" medan dei levde, og some lenge før dei døde. Også menn kunne bli kledd i hosor.

44. Så langt tilbake som nokon veit eller har visst å fortelje, var likklede laga av skirting av eit eige slag

"likskirting", aldri av lin. Korleis det var riktig langt attitida, er ukjent.

45. Føtene på liket skulle ikkje vera synlege. Der vart lagt "fotbukt" på "sveipen" som dekte føtene..

46. Sko skulle det ikkje vera. Sjå 42 og 43.

47. Det skal ha hendt at ei gift kvinne fekk "nykånnåhuva" på seg som lik. Ho var av svart silke. Men vanleg med hovudplagg har det ikkje vore. Menn fekk aldri hovudplagg.

48. Til vanleg var det ingen skilnad på likkledda for yngre og eldre. Men det hende at unge, ugifte kvinner fekk myrtekrans på hovudet. (Det fekk Ragna Bach).

49. Barselkonor hadde også berre vanlege likklede. Dømet i svar 42 er eit undantak.

50. Langs kanten av kista var der vanlegvis klypte, runde taggar, men ikkje vanlege blonder.

51. Likkledda vart alltid laga heime, - jammast av dei som brukte å kle i kista. Skik var det fram til kring 1910. Etter den tid vart det etter kvart vanleg å bruke kjøpte likklede.

52. No blir alltid likkledda kjøpt ferdige. Dei er visst også alltid av papir.

53. Dei kjøpte, som dei heimlaga, likkledda blir kalla "sveip". Husor og hovudpute er ikkje med i denne nemninga.

54. Ingen her ^{har} ~~er~~ fortald om at det skulle hjelpe mot sjukdom å røre ved likkledda eller sjølve liket.

55. Dei meinte heller at det var skadeleg. M.a. skulle det ikkje vera bra å ta oppi synet dersom ein først hadde vore borti lik med fingrane. Ein kunne bli blind.

56/57. Ukjent her.

58. I eldre tid var det ikkje uvanleg at folk fekk gjort likkiste åt seg lenge før dei døyde, og heilt vanleg var det at dei lagra likkistmaterial i lang tid. Det var mange som også fekk gjort likkiste til gamle i huset, t.d. foreldra, medan dei levde.

59. Det vart i eldre tid brukt trenaglar til likkistene. Men sidan det vart spiker å få kjøpt, vart det slutt med trenaglane.

60. Til å bera likkistene etter, vart det brukt strop-
por av taug. Men frå kring siste hundraårsskiftet vart det bækjeppar på sidene, men taugstroppor i endane. Slik var det til det vart "børelar" av jarn å få kjøpt.

61. Kistene vart i eldre tid alltid laga av ein snekkar i bygda. Det var gjerne ein fast likkistsnekkar i kvar grend.

62. Likkista var svart i eldre tid, utan avleting av noko slag. Men kring 1900 tok serleg forseggjorte kistor til å bli laga med fyllingar i låket, og fyllingane stødd med kvit, litt grop sand, eller ei blanding av dette og litt grovknust steinkol, slik at det vart ei melering. Dette vart festa med limvatn. - Den svarte farga vart laga med kjøpt eller heimlaga "kjønrek", utrørd i limvatn. Dei laga "kjønrek" ~~ax~~ ved å brenne never. Det var sotet av nevra dei nytta.

63. Dei første kistone som vart måla kvite var til barn. Det var først i dette hundradåret. Sidan vart det etter kvart vanleg med kvite kistor til ungdomar. Heilt vanleg med kvite kistor vart det først kring 1910, da det bar til å kjøpe likkistone.

64. Ornament av noko slag var det ikkje på dei heimegjorte likkistone. Men det hende at der vart laga ein kross

på låket over brystpartiet, inni fyllinga på toppen.

65. Som underlag i kista vart nytta høvlspån.

66. Puta i kista var gjerne ei lita fjørpute, som den døde hadde brukt i levande livet. Ho var trekt med kvitt putevar.

67. No følgjer det kvit pute med dei likklede som ein kjøper.

68. Frå dei eldste tider har det vore skikk at den døde skulle ha med ymse "timelege" ting i grava. Først og fremst var det seiershuva for dei som var fødd med det. Some la i kista tender som den døde hadde fått trekt. No er det vanleg at den døde får med seg gebisset, dersom han har det. Mynter har det vore skikk å legge i kista, - some fekk berre ei mynt, andre fekk myntene som hadde vore brukt på augelåka. Stål vart lagt i kista til for 50-60 år sidan, - ei saks til kvinner, ein annan reidskap - t.d. fallekniv - for menn. Some let giftarringen vera med den døde. Salmebok vart alltid lagt i kista. Denne skikken har levd heilt til dei siste åra.

69. Ukjent her.

70. I eldre tid var det helst lite eller ingen pynt på kista, berre svart måling. Det første nokon har visst å fortelje om dette, var at dei la ein kross av tytebærlyng på kista, seinare ein krans av same slag.. Men skikken med pynt på kista går truleg ikkje lenger enn 70-80 år tilbake i tida.

71. Derimot er det ein mykje eldre skikk her å strø hakkebar eller eine på tunet, some berre utom inngangsdøra, andre på vegen millom inngangsdøra og romet der den døde låg på likstrå. Likeins er det ein gamal skikk å setje opp alle av gran frå inngangsdøra til stova og framover tunet, der

liket skulle berast. Kor langt tilbake i tida denne skikken går, er ukjent. Han er vanleg enno.

72. At det vart gjort noko med liket for å halde insekt borte, har ingen visst å fortelje noko om. Men eg tykkjer minnast frå eg var barn, at det var tale om å legge kvanrot attmed liket når det låg på likstrå. Og dette kunne vera mot innsekt, - at dei heldt seg borte av den stramme liukta som det er av kvanrota.

73. At det vart gjort noko for å hindre at den døde gjekk att, har ingen av mine heimelsmenn visst noko om. Men dersom nokon hogg av seg ein finger, eller på anna vis misste eit lem, skulle dette gravast ned på kyrkjegarden så den døde skulle sleppe "å leit ætt" dette.

74. Når liket vart lagt i kista, var det vanleg at nokon av næraste slekta samlast til ei andaktsstund. Dette med andakt ved utbering av liket, og når det vart lagt i kista, går knapt nok lenger enn halvtanna hundre år tilbake i tida. Nokor sers nemning på at liket vart lagt i kista, og andakten i samband med dette, har det ikkje vore her.

75. Det var vanleg at det var litt traktering i heimen når liket var kledd. Men der låg eit stille ålvor over heimen, og talen var lågstemt. Smak av fest i nokor form var det ikkje, - tvertimot. Døden hadde lagt ålvor over heimen, sjølv i dei tilfelle at det ikkje var nær pårørende som var død, t.d. eit legdslem. Samtalen krinsa om den siste levetida åt den døde og sjølv dødsstunda.

76. Når liket var kledd i kista, vart denne flytta til ein stad der det var romsleg, og slik at der kunne pynstast opp, og der det var liten trafikk. Treskelåven vart mykje brukt til dette, stabbutet også.

77. Inn i stove-huset var det ikkje skikk å ha liket før gravølsdagen.
78. Når liket var kledd i kista, vart romet, der liket stod, pynta med lauv dersom det var i somarsrida. Elles vart det både somar og vinter strødd hakka bar eller eiane på golvet.
- 79/80. Barsal eller barhytte vart aldri brukt.
81. Millom husa vart ikkje strødd med bar før om morgonen gravølsdagen.
82. Liket skulle ligge med føtene mot døra, og sidan berast med føtene fremst.
83. Låket vart ikkje lagt på kista før gravølsdagen. Til da var det berre ein kvit duk over anletet.
84. Anletsduken var her eit kvitt plagg, gjerne ein kvit småbrod-serviett.
85. Denne kalla dei "salvet".
86. Det var sjeldan nokon utanom garden kom for å sjå liket før gravølsdagen. Men dei næraste av slekta i garden såg no og da om det, både for å ha ei stille minnestund attmed den døde, og for å sjå etter så ikkje mus e.l. gjorde skade på liket. Var det uvedkomande døde, såg likevel husmora om liket no og da medan det låg på likstrå.
- 87/88. Her er ikkje gravkapell i bygda, og har aldri vore det.
- Sorg.
89. Medan liket stod på garden, skulle ein unngå støy og larm. Folk gjekk stilt i dørene, og spøk eller skjente-full tale vart som regel påtala av dei eldre i huset.
90. Folk tala om "sørgetid", men nokor fast grense for kor lang ho skulle vera, var det visst ikkje.

92. I denne tida var det rekna for usømeleg å delta i "glade lag", dans o.l. Husbondsfolk lika ikkje at tenarar heller var med på slikt når det var sorg i huset..

93. Ved gravøl hadde folk sørgeklede dersom dei hadde høve til det. Kvinnone hadde svarte kjolar, og i alle høve svart skaut på hovudet. Karane hadde svart dress og hatt dersom dei hadde høve til det, elles så mørke klede som dei hadde. Det hende også at det vart lånt gravølsklede. Ungdom og born var ikkje med der den døde var eit eldre menneskje, utan at dei var nærse skyldfolk med den døde. Var det born eller ungdom som var død, vart også born og ungdom i grennē bedne. Da var der færre eldre. I gravøl hadde også born og ungdom mørke klede.

94. Enka hadde svart kjøle og svart silkeskaut.

95/97. Ukjent her.

Synge ut liket.

98. Ein sundag var det ikkje likferd, men noko fast yrkedag var det ikkje utanom fredag, - da ville ikkje folk ha likferd. Da trudde dei at det kunne hende eit eller anna leit.

99. Dei gamle sa alltid "likfal". No heiter det "begravels".

100. Det vanleg hør vore - så langt nokon no veit tilbake - å synge ut liket inne i stova. Der vart også liktalen halde, og der blir no kransane pålagt. Men i små heimar, der det var for trongt om plassen inne, kunne dei somars dag synge ut liket ute på tunet. Var det vinter, freista dei i slike heimar å avgrense gjestetalet så der vart rom inne.

101. Det var vanleg å be gravølsgjestane om å koma så tidleg at dei kunne få frukost. Etter denne gjekk dei som ville og såg liket. Men ei tid før det skulle syngast ut, vart det likevel varsla om, at dei som ville sjå liket før låket vart

lagt på, måtte gjera dette no. Etter ei tid vart så låket lagt på og spikra eller skruva fast før kista vart bore frå den staden der liket var kledd.

102. Før det vart vanleg med kransar, var det ikkje noko på kista, anna enn som nemnt, at det kunne vera ein kross av tytebærlyng. Overbreidsle av noko slag var det ikkje.

103/104. I eldre tid var det skikk med ljøs på kista gravølsdagen. Det var to ljøs for ektefolk og eitt for ugifte. Ljosa vart sett over brystpartiet på liket, oppå toppen på låket. Dersom det var to ljøs, vart dei sett etter kvarandre etter lengda på kista. Siste gongen nokon veit at dette vart brukt, var i 1888..

105/108. Når liket var sunge ut, og kista skulle berast ut or huset, vart ljosa sett brennande på bordet. Dei vart ikkje sløkt før den tid liket skulle vera kome i jorda. Om det i eldre tid var skikk å bera ljosa framom kista når ho vart bore ut, er det ingen no som veit noko om.

109/111. Skikken med å brenne ljøs og halde likvakt nat- ta før gravølet, er det ingen her som har høyrd.

112. Ukjent her.

113. Liksalmar vart alltid sunge svært sakte.

114/115. I dei siste 20-30 åra har det vore vanleg at presten er tilstades i heimen ved likferder, så sant han har høve til det. Han held da tale og syter for styring av samlesongen, Dersom ikkje presten kan vera tilstades, er det ein av lærarane i bygda som "syng ut liket". Han held da gjerne også ein stutt tale. I eldre tid var det gjerne ein eller fleire faste "liksøngera". Var klokkaren eller "skoleholderen" for handa, gjorde han

det. Det var ikkje sjeldan at "liksøngarn" også var kjøkmeister i gravølet.

117/118. Ingen har fortald noko om at det vart drukke "vel-farsskål" for den døde, og ingen nolevande veit noko om det.

119. Dei næraste grannane eller vener av den døde (dersom det var mann) bar liket. Dei næraste skulle vera fri det.

120. I seinare tid er det blitt vanleg at søner, brør eller

121. andre nære slektingar er "berara". Dei bar (og ber) kista både ut or stova og sidan, så langt det trengst å bera.

122. Liket skal berast med fotenden først.

123/124. Ukjent her.

125. Det var - og er - vanleg å strø med hakka bar over tunet der likfølgjet går, men ikkje vidare, og ikkje utom tunet.

Slik var det også i eldre tid.

126. Når dei kom ut or stova med kista, vart ho nedsett, og vart ståande medan likfølgjet samla seg til avferda.

127, Ukjent her.

128/129. Det var vanleg at flest mulig, kvinner som menn, var med i likfølgjet heilt til kyrkjegarden.

130/131. Så langt nokon veit var det rekna for større ære for den døde dess fleir som var med i likfølgjet. Var dette stort, tala dei om det etterpå i ein vyrdeleg tone: "Han (elle (eller ho) fekk stort følli!"

132. Pynting med bar utanom tunet har ikkje vore brukt. A-resportar har ikkje vore brukt andre stader enn kring hovudinngangen til stova, der liket vart bore ut. Der er det gamal skikk å laga ei rame av bar, som ein portal.

133. Ikkje skikk her.

134/135. Når nokon er død, er det vanleg å heise flagg på halv stong ved heimen. Ved gravferd er det vanleg at flagget blir heist på halv stong i heile grannelaget, ofte og-

så langs vegen der gravferda går, likeins på kyrkjestaden. Denne skikken kom etter kvart som folk fekk seg flagg, frå 1890-åra og utover 1800-årsskiftet.

136. Når liket var kome i jorda, vart - og blir - flagga heist til topps.

137. Dei som bur så nær at dei høyrer kyrkjeklokkene, tek varsel av dette når flagget skal heisast til topps. Elles reknar dei seg til det etter tida som dei meiner går med til liket er sett i jorda.

138. Det blir aldri flagga på halv stong heile dagen her.

139/141. Lik-følgjet stana ikkje ved gardane som det for framom på kyrkjevegen. Men det var vanleg, at lik-følgje for husmenn eller gamle tenarar, som hadde vegen sin gjennom garden som plassen høyrde til, eller at heimen åt den gamle tenaren gjekk gjennom garden der dei hadde tent, - der stana likfølgjet i gardstunet, sette ned kista og song ein salme, sjølv om husbondsfolket alltid var med i likferda. Den avlidne tok på denne måten vavskil med garden.

142. Ukjent her. Høge rop, høysting eller høgroysta tale, same kor det var, har her vore rekna som uhøvisk i likferder eller gravøl.

143/144. Ukjent her.

145. Kista vart aldri køyrd innpå kyrkjegarden. Når gravferda var med hestar, eller det var hesteskyss på kista frå sjøen, vart det alltid stana eit stykke frå kyrkjegarden, og bore resten av vegen. På vogn eller slede var det aldri lagt noko under kista. Det blir det heller ikkje no, når gravferda går med bil.

146. Hesten, som drog kista, skulle vera mørkbrun eller svart. Hest frå garden vart aldri brukt til likhest så

sant det var anna råd, sjølv om likferdsgarden hadde hest med rett farge.

147. Føltung merr ville dei ikkje bruke til likhest.

148. Likferda skulle gå sakte, Var det hesteferd, skulle ein køyre sakte, og det måtte ikkje vera bjøllor eller klokkor på hestane. Var det båtferd, vart det også rodd sakte og lett, dersom det ikkje var tung vind. Også no, når likferda går med bilar, blir det køyrd sakte.

149. På heimvegen vart det derimot køyrd fort. Om det ikkje nett var kappkøyning, var det gjerne litt lovord over den hesten som kom først heim.

150. Vanleg likvogn har her aldri vore. Før her vart bilveg, var det berre på snøføre at dei køyrde til kyrkja. Om somaren var det alltid båtferd. Men når dei køyrde, var det alltid ein av næraste grannane som køyrde liket.

151. Når dei køyrde, sat køyrekaren på der han ikkje måtte gå for at bakkane var for bratte.

152. Ingen sat på hos han som køyrde liket. Songaren hadde skyss der det høvde, som dei andre av ligfølgjet.

153. Ingen stad i bygda har det vore slik, at ikkje folk kom fram utan serlege åtgjerder. Anten kunne dei ro eller køyre.

154/155. Ukjent her.

På kyrkjegarden.

156. Anten likferda var til sjøss eller til lands, var det alltid dei uttekne berarane som løfta eller bar kista når det trengdest. Når kista måtte setjast ned, vart ho sett på jorda. Det var berre i heimen at dei brukte "lik-skamlar",- inne og ute.

157. Einaste reidskap til gravferd, og som var gøynd i kyrkja her, var eit taug med krokar til å senke kista

nedi grava med, og ei treskuffel til å bruke ved jordfesting. Dei same reidskap er det framleis, ikkje andre.

158. Denne reidskapen høyrer kyrkja til.

159. Dei berarane, som bar elles, bar også kista inn på kyrkjegarden.

160. Likhesten vart stallsett på kyrkjestaden medan liket vart gravlagt.

161. Dersom presten var med i gravølet (likferda), var han først innom i sakristiet og kledde seg i ornat, og kom så derifrå bort til grava. Han møtte ikkje ved inngangen til kyrkjegarden.

162. Det har ikkje vore skikk her å bera kista rundt kyrkja.

163. Dei siste åra er det ved fleire gravferder gjort slik, at kista vart bore inn i kyrkja, der det er sunge ein salme før liket vart sett i jorda og jordfesta.

164. Å synge meir før kista kom bort til grava, har ikkje vore skikk her.

165. Det har heller ikkje vore skikk her å bera kista rundt grava.

166. Og det har ikkje vore skikk å ringe etter at grava var jamna over.

Grava.

167. Her i bygda vart det fast gravar kring 1870.

168. Gravaren heiter berre "gravar", ikkje noko anna.

169. Før det vart fast gravar, vart det gjerne leigd ein mann til å kaste opp grava før gravferda. Men det hende heller ikkje så sjeldan at husbond eller dreng i gravferdsheimen grov grava sjølve. Ingen har fortald om at grava vart oppkasta gravferdsdagen.

170. I eldre tid - heilt tiå kring 1890 - var det vanleg

at nokon av likfølgjet jamna over grava så snart den rituelle grafvestinga var over. Sidan det vart slutt med dette, er det gravaren som gjer dette arbeidet etter at likfølgjet er fare heim.

171. Ukjent her.

172. Det har aldri vore nokor ålmenn folkeleg forklaring på kva som ligg i jordfestinga. Det har vore meint at ho skulle vera siste vitnemålet om at den døde var skild frå jordelivet, og skulle kvile i jorda til oppstoda.

173. Dersom jordfestinga ikkje kunne gjerast i samband med gravferda, vart det sett ein staur nedtil kista i grava før jorda vart jamna over. Denne stauren vart dreggen opp ved jordfestinga, og dei tre skuffer jord aust nedi holet. Slik er det enno.

174/175. I eldre tid var det lite stell med gravene. Berre dei "kondisjonerte" brukte gravmål - ein kross eller ei plate av malm med inskripsjonar. Elles vart det "lagt opp" graver - ein tilpynta, firkanta jordhaug. Frå 1870-åra tok some til å sette blomar på gravene. Frå same tid vart det også ein og annan av dei meir velståande bønder som kjøpte gravmål over sine døde. Frå først av var det amskorne blomar som vart sett i vatsglas på gravene, sidan vart det smått om senn planta stauder. Men jamt og skikkeleg stell av gravene vart det ikkje før ungdomslaget tok til å skipe dugnad på å pynte kyrkjegarden. Det var kring 1910. Dette var sidan i mange somrar årvisst. Sidan har dei fleste teke til å halde gravene til sine istand, gjerne kvar somar til konfirmasjonen. No sett også dei fleste opp gravmål av stein.

Serlege tilfelle.

176. I eldre tid fekk ein sjølvmodar ringare stell enn andre døde. Dei vart til vanleg lagt i kista i sine vanlege klede, utan noko anna.

og
177/179. Slike lik vart gravlagt med halvparten av kista innom og halvparten utom gjerdet kring kyrkjegarden. Kista vart nedsett frå utsida. Ved slike gravferder vart det ikkje ringt med kyrkjeklokkone.

178. Liksleden vart ved alle gravferder sett att utom kyrkjegarden.

180. Udøypte born vart gravlagt som andre lik.

181. Abortar vart nedgravne på kyrkjegarden, utan nokon sermoni.

Gravøl.

182.

Før heitte det "likfal", no heiter det "begravels".
husbonden

183. Når dei bad til likferd var det vanleg at/i gravølsgarden gjekk rundt og bad. Var det husbonden som var død, var det han som var i husbonds stad, - vaksen son om der var det.

184. "Bearlaget" for gravøl var jæmnast mindre enn for bryllaup. Utanom slekta var det næraste grenne som vart bede i likferd, - berre dei eldre dersom det var eldre menneskje som var avlidne, ungsomskammeratar dersom det var ungdom som var død, og born med foreldre dersom det var born.

185. Det var ikkje skikk her, at han som bad skulle vera serskilt kledd og utstyrd. Å be til gravøl, hørde til dei vanlege førebuingar av likferda, og han som bad, hadde vanlege helgekledde når han gjekk ikring i bedarkrinsen.

186/187. Det er heller ikke spurd at det var nokor viss

form for å "opptre" eller ordlegge seg ved dette høve.

188. Som regel fekk han som bad traktering, som i eldre tid var ei skål mjølk eller øl, i nyare tid kaffe.

189. Bedarbrev vart sende berre åt slike som det ikkje var råd å nå personleg.

190. Ingen har fortald om gravøl som vara meir enn ein dag.. Men langvegsfarande gjestar kom dagen før, og kunne bli ein dag ~~længær~~ eller meir etter gravølet. Så lenge desse var i gravølsgarden, var det gjesteboðskost.

191. I gravøl var det frukost når gjestane var kome, i eldre tid øl - i seinare tid kaffe - før dei for til kyrkja, mat på kyrkjestaden, middag når dei kom att frå kyrkjegarden, og så kveldsmat. I seinare tid har det også gjerne vore "heimfal~~mat~~" (sjokolade med brød) før dei for heim.

192/193. Ukjent her.

194. Dei næraste slektningane skulle vera fri frå arbeidet med matstell o.l. gravferdsdagen. Men tilskipinga før fall på alle i huset attåt leigde kvinnor. Matmor, kokk og kjøkmeister ("vert") var gjerne dei same ved alle gravøl (og byyllaup) i grenda og ofte vidare. i bygda.

Matmora kom gjerne eit par dagar før gravølet. Utanom dei nemnde, var det oftast også leigde serveringsgjentor.

195. Nokor full arbeidsstans i grannelaget var det ikkje gravferdsdagen, men når husbondsfolka, ofte også vaksne born, var bedne, sa det seg sjølv at alt større arbeid fekk kvile gravferdsdagen.

196/198. Gjestane hadde alltid med seg sending ("næst" vart det kalla her). Det var ikkje sendt føreåt.

199. "Næste" var alltid forseggjort. Smøret var anten forma i ornamentert smørform, eller det var pynta med

kroting og figurar. "Gomme" (ein lokal ostesort) var fast ting i sendinga. Han var forma på ein tallerken og pynta med ymse kroting. I både smør og gomme var krossen ein fast og sentralt led i krotinga, eit hovudmotiv, som gjekk at i ymse variasjonar. Elles var det goro-bakels, faflar og lefse, og omnsbrød som til høgtidene. Var det det nødvendig, vart det også stødd oppunder med mjølk og fløyte, om dette ikkje hørde med til sjølve sendinga.

200. Ukjent her.

201. Overgangsformer for gravøl er det ikkje nemnande her. Dei gamle skikkane blir mykje godt haldne oppe.

Sendinga er delvis ombytt med kransar, og ofte ei blautkake i tillegg. Men det er også mange som enno brukar sendinga i den gamle form. Smøret er delvis gått ut. Men lefsa og gommen held framleis plassen sin. Gravøla varer også heile dagen som før. Det finst dei som i det siste ved lysing i avisene bed til middag alle som møter på kyrkjegarden, men det er reine undantak.

202. I gravøl har det, så langt ein veit, ikkje vore overdrive alkoholbruk. Etter at det vart slut med maltølbrygginga for kring 80 år sidan, har det ikkje vore skikk å ha alkohol i i gravøl.

203. Heimebrygging heldt seg like lenge i bryllaup og gravøl. For bryllaup vart det stort sett slutt med sendingane for 50-60 år sidan. Det er framleis vanleg å laga alkoholfritt heimebrygga øl som tystedrykk og til middagen.

204/205. Kjøpekransar var det lite av her til for 25-30 år sidan. Men det er først etter siste verdskrigen at det er vorte heilt vanleg med kransar, og ikkje berre frå dei som er bedne i gravølet, men også frå andre.

I fleire år hadde mange både sending og krans. Først i dei aller siste åra har dei teke til å bruke kransar istaden for ~~krans~~ sending. Dette kanskje av økonomiske grunnar, sidan kravet til kostbare kransar er auka.

206. Dei første kransane vart laga heime av bar og lyng, og om somaren med hage- og potteblomar eller naturblomar.

207. Dei fleste brukar no kransar med sløyfor og påskrift. Dette er også vorte ålment dei siste 10-12 åra.
